

# Karakter- og læringsstøttende prøve for grunnskolen

10. trinn

## Matematikk

### Prøve | Del 3 | M10-06-07

Du kan bruke datamaskin, lommereknar og den eigenlaga elevboka di  
(Maksimalt 5 poeng)

### Oppgave 1

Tabellen nedanfor viser korleis elevane i ein 10. klasse kjem til skolen.

REISEMÅTE	TAL PÅ ELEVAR
BUSS	5
SYKKEL	13
PRIVAT BIL	3
TIL FOTS	9

2 poeng

Bruk rekneark og framstill opplysningane i eit diagram.

Vel sjølv diagramtype og ta med tilstrekkeleg tekst.

Det blir ikkje krevd formelutskrift til denne oppgåva.

---

### Oppgave 2

Lise har 3500 kr ståande i banken i 324 dagar.  
Renta varierer frå 2,0 % p.a. til 7,0 % p.a. med intervall på 0,5.  
Sjå tabellen nedanfor.

3 poeng

$$\text{Renteformelen: } R = \frac{K \cdot p \cdot d}{100 \cdot 365}$$

Set opplysningane inn i eit rekneark og finn renta.  
Oppgi renta med to desimalar.

Begynn gjerne slik:

K	p	d	R
Kapital i kr	Rente i % p.a.	Rentedagar	Rente i kr
3500	2,0	324	
	2,5		
	3,0		

Det blir ikkje krevd formelutskrift til denne oppgåva.